

Forbruksavgift på elektrisk kraft

Nordvest Nett AS har ansvar for å krevje inn forbruksavgift for elektrisk kraft (elavgift) frå våre nettkundar på vegne av Skatteetaten. Elavgifta vert såleis ein del av nettleiga.

Elavgifta vert kvart år fastsett av Stortinget.

Avgiftsplikta oppstår ved levering av elektrisk kraft til forbruk.

Pris på elavgifta

Avgift gjeldande frå 1. januar 2019 (eks. mva)

Full avgift	15,83 øre/kWh
Redusert avgift	0,50 øre/kWh

Fritak eller redusert elavgift

Forbruk til produksjon av fjernvarme, industri- og bergverksproduksjon har krav på redusert avgift. Det same gjeld forbruk til datasenter med faktisk uttak over 0,5 MW. Det vert gjeve fritak frå elavgifta til produksjon i veksthus som har elektrisk varmelegg og til visse typer kraftintensive prosessar. Kraft levert direkte til sluttbrukar og som er produsert frå energigjenvinningsanlegg og mikrokraftverk under 100 kVA har også rett på fritak.

Du har sjølv ansvaret for å dokumentere dine rettigheter

Som forbrukar har du sjølv ansvar ovanfor skatteetaten for å betale rett avgiftssats, og eventuelt dokumentere din rett til fritak eller redusert avgift. Dokumentasjonen sender du kvart år til ditt lokale nettselskap. Spørsmål rettar du til Skatteetaten, som forvaltar regelverket. Meir informasjon om regelverket om elavgifta finn du i Skatteetaten sitt avgiftsrunskriv for elektrisk kraft 2018.

Er du brukar av eit fellesabonnement utan sjølv å ha direkte abonnement med nettselskapet, har du same rettigheter og plikter som andre. Dokumentasjon frå kvar brukar knytt opp mot eitt fellesabonnement skal signerast, og sendast inn samla til nettselskapet.